

Lungepoliklinikk - nytt tilbod ved Nordfjord sjukehus

Overlege og lungesjukepleiar ved Nordfjord sjukehus tilbyr no undersøking, vurdering og behandling av dei fleste typar lungesjukdomar.

Nordfjord sjukehus har nyleg fått installert diffusjonstestutstyr for testing av pasientar, som blir nytta i tillegg til spirometri og kliniske vurderingar. Dette gjer at vi kan undersøke fleire pasienttypar enn tidlegare.

Lang reiseveg kan vere utfordrande for denne pasientgruppa, og vi er glade for no å gje lokalt tilbod for å redusere belastinga for pasientane.

Vi har også tilbod om KOLS-rehabilitering tilknytt lungepoliklinikken. Dette har vore etablert i nokre år med støtte frå lungelege i Førde, men er no drifta lokalt med eigne ressursar.

Innhaldet er omlag det same, men vi har doble tal treningsdagar for pasientane, då det i høve retningslinje har stor effekt på denne pasientgruppa. Det er dei därlegast KOLS-pasientane som har best effekt av KOLS-rehabilitering, så det er viktig at desse får tilbod om deltaking hos oss.